



Helse- og  
omsorgsdepartementet

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 3. juli 2024

Oppdrag vedrørende luftambulansetjenesta

HELSE  VEST

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Onsdag 3. juli 2024 kl. 09.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Oppdrag vedrørende luftambulansetenesta

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre  
Statssekretær Karl Kristian Bekeng  
Politisk rådgjevar Bhanuja Rasiah  
Departementsråd Cathrine M. Lofthus  
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Ekspedisjonssjef Maiken Engelstad  
Avdelingsdirektør Fredrik Anton Sten Remers Hanssen  
Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad  
Seniorrådgjevar Elisabeth Esrød Hoelsæter

### **Frå styret i Helse Vest RHF møte**

Styreleiar Agnes Landstad  
Wenche Kristin Røkenes  
Linda Karin Gangstøe  
Kristin Reitan Husebø  
Pål Eikeseth  
Tord Anton Haaland  
Hege Solbakken  
Geir Arne Sunde  
Anne Katrin Hamre

### **Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte**

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Oppdrag vedrørende luftambulansenesta

Regjeringa har vurdert dei ulike modellane for organisering av luftambulansenesta som vart greia ut av ei ekspertgruppa i 2021 og av Oslo Economics i 2023. Regjeringa vurderer å gå vidare med ei direktetildeling av operatøransvaret for ambulanshelikoptertenesta til Stiftelsen Norsk Luftambulanse (SNLA)/deira dotterselskap, men det er behov for å greie ut ein slik modell nærare. Regjeringa er óg open for ei mogleg direktetildeling av operatøransvaret for ambulansflya, men dette må vurderast på eit seinare tidspunkt mellom anna ut i frå erfaringa med ei eventuell direktetildeling av ambulanshelikoptertenesta.

Føretaksmøtet la til grunn at ei eventuell direktetildeling skal skje etter reelle forhandlingar og til ein endeleg kostnad som ligg nærast mogleg nullalternativet i rapporten frå Oslo Economics. Dersom kostnadene viser seg å vere vesentleg høgare enn nullalternativet, la føretaksmøtet til grunn at det skal gjennomførast ei ordinær offentleg anskaffing. Føretaksmøtet understreka at dei regionale helseføretaka i kraft av sitt sørge for-ansvar, skal setje rammene for tenesta gjennom forutgåande strategiarbeid og kravspesifikasjon – på same måte som ved ein offentleg anbudsprosess.

Føretaksmøtet viste óg til at det er gjort juridiske vurderingar som tilseier at dette vil kunne gjennomførast innanfor anskaffings- og statsstøttreglane. Føretaksmøtet peika likevel på at dei regionale helseføretaka må gjere sjølvstendige vurderingar av dette.

Føretaksmøtet presiserte vidare at det må ligge til grunn at framtidige kontraktar om operatøransvaret skal innrettast med formål om effektiv bruk av samfunnet sine økonomiske ressursar, der det vert lagt vekt på risiko knytt til styring, beredskap, operasjonell kvalitet og moglege forseinkingar. Føretaksmøtet presiserte og at det ved ny kontraktsperiode skal vere

ein smidig overgang frå dagens operatør i luftambulansetenesta, og at eventuell ny operatør skal overdra arbeidsvilkåra for dei tilsette.

Første fase gjeld ambulanshelikoptertenesta, der ny avtale om operatørtjenester må vere på plass seinast 1. juni 2026. Dersom det skal gjennomførast ei ordinær offentleg anskaffing, må ein slik prosess setjast i verk eitt år før, dvs. juni 2025. Dei regionale helseføretaka må derfor gjennomføre forprosjekt og ha forhandlingar med SNLA innanfor denne tidsramma. Dei regionale helseføretaka skal innan 1. oktober 2024 melde tilbake til Helse- og omsorgsdepartementet kva for tidsfrist som må setjast for å avklare om det skal forhandlast vidare om direktetildeling av operatøransvaret for ambulanshelikoptertenesta, eller om det skal gjennomførast ei ordinær offentleg anskaffing.

Føretaksmøtet la til grunn at eventuelle framtidige avtaler inngått gjennom direktetildeling skal ha ei tidsmessig avgrensing, slik det óg er i avtalene i dag.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

- 1. Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å leggje til rette for ein prosess med forhandlingar for å vurdere eventuell direktetildeling av operatøransvaret i ambulanshelikoptertenesta til Stiftelsen Norsk Luftambulans (SNLA)/deira dotterselskap.*
- 2. Det ligg til grunn for oppdraget at framtidige kontraktar om operatøransvaret skal innrettast med formål om effektiv bruk av samfunnets økonomiske ressursar, der det vert lagt vekt på risiko knytt til styring, beredskap, operasjonell kvalitet og moglege forseinkingar. Dei regionale helseføretaka skal i kraft av sitt sørge for-ansvar sette rammene for tenesta.*
- 3. Det skal ligge reelle forhandlingar til grunn for eventuell direktetildeling av operatøransvaret og til ein kostnad som ligg nærast mogleg nullalternativet i rapporten frå Oslo Economics (2023). Dersom kostnadene viser seg å vere vesentleg høgare enn nullalternativet, skal det gjennomførast ei ordinær offentleg anskaffing.*
- 4. Dei regionale helseføretaka skal innan 1. oktober 2024 melde tilbake til Helse- og omsorgsdepartementet kva for tidsfrist som må setjast for å avklare om det skal forhandlast vidare om direktetildeling av operatøransvaret i ambulanshelikoptertenesta, eller om det skal gjennomførast ei ordinær offentleg anskaffing.*
- 5. Ei eventuell framtidig avtale inngått gjennom direktetildeling skal ha ei tidsmessig avgrensing slik det óg er i avtalene i dag.*

Møtet vart heva kl. 09.30.

Oslo, 3. juli 2024

Jan Christian Vestre

Agnes Landstad

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar*